



SUNNHORDLAND MUSEUM

Postboks 51

5401 STORD

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2023/3963-1		18.12.2023

Tilsyn - 189/26 - Halsnøy Kloster - Klostervegen 297

I sak 2018/2968 vart det frå Kvinnherad Brann og redning varsla til byggesak om mogleg brot på anna lovgiving;

«Kvinnherad Brann og redning var den 09.10.2018 på tilsyn ved Halsnøy Kloster, Gnr/Bnr: 189/26.

Under tilsynet kom det fram at klosteret har innreia fleire soverom, som vert nytta for kunstnarar, arbeidarar og andre, fleire gongar i året.

Klosteret hadde 4 soverom med rømming ut gjennom doble vindauge. Under tilsynet vart det observert at det og var innreia eit soverom med to senger heilt ut mot skråtaket, kor vindauge ikkje kunne opnas. Representant på staden fortalde at dette rommet vart kun nytta til overnatting ved spesielle behov, ved mange overnattingsgjestar. Brannvesenet stillar spørsmål med om det er lov med overnatting i bygget. Dette vart og påpeika under tilsyn ved Halsnøy Kloster 28.03.2008 og 20.05.2014.

Ein vurderer derfor forholdet som eit brud på dykkar lovgiving; Plan og bygningslova.»

Saka vart ikkje prioritert oppfølgd som tilsynssak etter plan- og bygningslova, og då covid-19 pandemien kom så vart også aktiviteten på Klosteret tatt ned.

I september 2023 tok direktør for Sunnhordland museum kontakt med byggesak for å få ei avklaring på om bruken av bygget var lovleg. Det vart halde eit møte med byggesak der det vart avtalt at museet skulle ta kontakt med Kvinnherad Brann og redning for eit felles tilsyn på plassen.

Felles tilsynet vart halde 17.11.2023 etter innkalling frå Kvinnherad Brann- og redning sendt ut 02.11.2023. Det er utarbeidd eigen tilsynsrapport frå Kvinnherad Brann og redning datert 21.11.2023 sak 2023/3536.

Byggesak sin konklusjon etter tilsynet er at bruken av bygget skal vere museum/galleri, men at ein bør kunne nytte soveromma i øvste etasje til overnatting av arbeidsfolk på klosteret, utstillarar og evt. kursdeltakarar utan at dette er i strid med formålet.

Det er personell ved Sunnhordland museum som må gjere dei nødvendige vurderingane slik at dei som overnattar er ført til å komme seg ut ved ein ev brann.

Generell utleige av rom for overnatting vil derimot ikkje vere i samsvar med formålet museum/galleri.

Føresetnaden er sjølvsagt at romma er lovlege å bruke med tanke på brannforskriftene. Byggesak finn såleis ikkje at generelle arrangement i museumsbygget er i konflikt med plan- og bygningslova.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Thomas Hallquist
Synnøve Handeland

Mottakarar:
SUNNHORDLAND MUSEUM